

## **Vedtekter Haram vindkraftfond**

Vedtektena for vindkraftfondet i Haram kommune er heimla i den inngåtte samarbeidsavtalen mellom tidlegare Haram kommune og Haram Kraft AS av 21.11.2019. Samarbeidsavtalen vart godkjent av Haram kommunestyre 05.12.2019 og underskriven av partane 18.12.2019. Vedtekter vart godkjent av Ålesund formannskap 20.10 2022 og av Haram formannskap 23.01.2024

### **§1 Føremål**

Fondet skal avhjelpe eventuelle negative konsekvensar vindkraftverket har for dei som bur i kommunedelen nordøyane, og som er berørt av vindkraftverket.

### **§2 Fondet sine midlar**

Midlar til fondet skal betalast inn til Haram kommune av Haram kraft AS frå første heile driftsår og fram til endeleg konsesjonstidspunkt eller så lenge vindkraftverket er i ordinær drift. Midlane forvaltas av eit eige styre for fondet. Betaling skal skje etter avtale ein gong pr år, og kommunen fakturerer.

Midlane er ein økonomisk kompensasjon tilsvarende differansen mellom Haram kommune sin fastsette sats for eigedomsskatt og ein sats på 7 promille. Midlane vert rekna ut frå eigedomsskattesats av beregningsgrunnlag, og med beregningsgrunnlag vert meint 70% av samla investeringsbeløp for dei anlegg som kommunen kan utskrive eigedomskatt på, jf. samarbeidsavtalen pkt. 3.2 ii.

Dersom Haram Kraft AS ikkje vert gitt skattemessig frådrag for ytinga som ein kostnad, skal midlane reduserast med den økonomiske konsekvens manglende frådragsrett har for Haram Kraft AS.

Midlane skal øyremerkast i kommunen sitt budsjett, og kommunedirektøren skal føre rekneskap over bruken av midlane.

Fondet vil arrangere ein formell utdeling for midlane på ein lokal stad i kommunen etter valprosessen. Dersom det valte laget eller personen ikkje er til stades under utdelinga, vil midlane bli omfordelt ved neste tilgjengelege anledning, i samsvar med gjeldande retningslinjer og i tråd med vedtak tatt av styret. Den formelle utdelinga skal vere opplyst om i utlysingsteksten.

### **§3 Fondet sitt styre**

Ordførar, ein representant frå administrasjonen i Haram kommune, leiar i ungdomsrådet, frivilligkoordinator og ein representant frå Haram Kraft AS utgjer fondet sitt styre. Ordførar er leiar for fondsstyret. Styret består av 5 personar.

Styret sine avgjerder vert tatt med vanleg fleirtal. Valperioden for fondsstyret sine medlemmer følgjer den kommunale valperioden.

Fondsstyret skal normalt ha to møte i året. Eit møte for å gå gjennom rekneskapen for året før, og førebu utlysing av årets midlar. Eit møte for å vurdere innkomne søknadar og tildele årets midlar.

Fondet skal ha eit eige utval som delar ut midlar til næringsutvikling. Ordførar, kommunedirektør, næringssjef og ein representant frå Haram Kraft AS utgjer dette utvalet. Utvalet sin leiar har dobbeltstemme ved stemmelikhet. Ordførar er leiar av utvalet.

#### **§ 4 Bruk av fondet sine midlar**

Fondet sine midlar skal gå til føremål i dei områda som blir påverka av vindkraftverket og til tiltak retta mot barn og unge i dei områda på øyane som blir påverka av vindkraftverket.

Midlane skal lysast ut på kommunen sin heimeside, i lokalavisa og på facebook kvart år før 1. februar. Lag, organisasjonar, einskildpersonar eller andre grupperingar kan søke på midlane. Det skal tydeleg gå fram at midlane er gitt av Haram Kraft AS.

Midlane kan gå til næringsutvikling, frilufts-, fritids- og kulturtilbod i lokalsamfunnet. Av fondet sine midlar skal minimum kr 100.000 kvart år delast ut til tiltak retta mot barn og unge på Nordøyane. Midlane skal normalt ikkje gå til dagleg drift av lag og organisasjonar, men i hovudsak nyttast til ulike prosjekt som vil fremje kultur, næring og ulike fritids- og friluftstilbod.

Delar av midlane kan gå til næringsutvikling på Nordøyane for å fremje aktivitet og verdiskaping. Eit eige utval fordelar desse midlane.

#### **§ 5 Vedtektsendringar**

Fondet sine vedtekter kan endrast av Haram formannskap etter at styret for fondet og Haram Kraft AS har gitt sin uttale og uttrykt einigheit ved eventuelle endringsforslag.